

Olje- og energidepartementet**Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland - høyringsvar**

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande høyringsvar:

Sogn regionråd stiller seg positiv til at det er fokus på å utvikle straumnettet på Vestlandet. Dette vil sikre vidare utvikling av næringsliv i regionen basert på bærekraftige og grønne innsatsfaktorar. Dette vil bidra til å auke konkurransefortrinn og arbeidsplassar for den samla Vestlandsregionen. Gjennom ei ny 420 kV linje mellom Sogndal og Bergen vil ein redusere risiko for flaskehalsar i nettet i regionen. Samtidig vil ein auka kapasitet for å utnytte framtidige planlagde utanlandskablar frå Vestlandet på ein samfunnsøkonomisk tilfredsstillande måte.

Regional beredskap:

Gjeldande konsept legg opp til at det kun skal vere ein trafo på 420 kV i Refsdal (Vik kommune). I dag har Vik kommune forsyning frå 300 kV trafo Hove, samt at Sognekraft har ei regional linje på 66 kV mellom Sogndal og Hove (Vik). Den regionale linja på 66 kV, inkl. fjordspennet på 5 km som vart sett i drift i 1957, er meldt til NVE som planlagt riven ved framtidig utbygging av Feios kraftverk.

Ved større naturhendingar vert Vik å rekna som øysamfunn då begge utfartsårene (Vikafjellet og ferjesambandet) kan vere stengde. Det vert då avgjerande viktig å sikra stabil god straumforsyning i dette området.

Det må etablerast to transformatorar på spenningsnivå 420/132 KV i Refsdal. Dette for å sikre at ikkje heile lokalsamfunnet vil miste straumen om ein trafo i Refsdal skulle få eit havari eller brann. Vidare vil ein ved å nedgradere eksisterande 300 kV mellom Sogndal og Vik til ny 132 kV, etablere ei auka regional forsyning og beredskap utan å auke kostnader. Regionen kan då sikre betre regional forsyning, der ein vil kunne tilpasse nettet til å distribuere straumen til allmennforbruk direkte frå kraftverk i regionen, uavhengig av sentralnettet.

Miljø:

Det er viktig at ny 420 kV linjetrasè vert etablert i parallell til eksisterande 300 kV trasè, for å sikre at nye område ikkje kjem i inngrep med nyetablering. Ved nedgradering av 300 kV til 132 kV mellom Sogndal og Vik, der ein samstundes kondemnerer Sognekraft si 66 kV linje mellom Njøs (Sogndal kommune) og Hove i Vik, som har same funksjon, vil ein samle alle fjordspenn i området. Ein vil difor reelt redusere miljøbelastninga med å behalde eksisterande 300 kV.

Lokal medverknad:

Det er ein føresetnad for positiv innstilling til ei nyetablering at kommunane som lokale forvaltar har eit tett samarbeid med Statnett og konsesjonsmyndigheiter for å sikre at utbygginga i minst mogleg grad unødvendig belastar lokal busetnad og lokale verdiar.

Distriktsutvikling:

Det er viktig at det vert prioritert å etablere kraftkrevjande industri i områda der krafta vert produsert og der det allereie er viktige fagmiljø.

Kommunane med kraftkrevjande industri i Sogn og Fjordane har utvikla unike fagmiljø som kan leggja grunnlaget for viktige nyetableringar i området.

Eventuell framtidig kraftkrevjande industri nær kraftproduksjonen må prioriterast, dette er viktig både med tanke på distriktsutvikling, energitap i overføringslinjene og av beredskapsomsyn, for å redusere økonomisk tap ved utfall av straum på linjenettet.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift